

Valdres Bygdebok – årsmelding 2024

Helseproblem og arbeidet med Valdresleksikon har ført til at lite er gjort elles.

To saker har vori drøfta noko, det formelle sambandet mellom VB og Valdres Historielag, og fullføring av Valdres Bygdebok band 1 Nord-Aurdal band G (tettstadene).

Valdres Bygdebok Valdres Historielag

I samband med nye vedtekter for Valdres Historielag har fleire lokallag sagt seg positive til full samanslåing av dei to organisasjonane. Sidan ordførarar og kommunar formelt har ansvar innan Valdres Bygdebok, og det er egne salsavtaler med dei tre sørlege kommunane, må dette vurderast nærare (sjå Aktuelle arbeidsoppgåvor).

VB band 1 Nord-Aurdal band G (tettstadene).

Leidaren har kontakta sentrale personar om evt. utgjeving av band om tettstadene. Desse har sagt seg viljuge til å hjelpe til: Erna Jordet (Aurdal), Kai Svensson (Fagernes), og Per Herman Ischsen, Fagernes, og Bård Slette, Leira – dei to siste om vidareføring av idéen med «historiske annonsar». Om sjølve bustadhistoria ligg det over 100 sidor manus frå Bjørn Østgård, og det same frå Mona Dalen. Hovudproblemet er: Vil ferdige manus og kunnskapar hjå noverande ressurspersonar bli forelda eller bli rekna som uaktuelle om ein ikkje handlar i vår tid?

Boksal og boklager.

Boksal i 2024 kr. 5 200.

Bokkjøp etter avtale sørlege kommunar: 4500.

Boklager band 1 (cirka, utanom NA band E og F) 435.

Boklager band 2-8 (cirka) 2688.

I alt

29 eksemplar av Tore Ey: Vang og Slire, ingen eksemplar notert av Islandsmoen: Sør Aurdal og Etnedal, Valdres 900-årsskrift, Valdres-soga 1-2.

Vedlegg:

Aktuelle oppgåvor.

Valdres bygdebok (lover)

Oversyn over utgjevne skrifter

Oversyn formenn og kasserarar

Oversyn årsmøte

Arkivering av materiale for VB